

# Handlingsplan for SFO Hognestad skule 2025-2026



## Innhold

1. Innleiing.....	2
Organisering ved SFO-avdelinga .....	3
1. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag .....	4
2. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn.....	4
3. Vaksenrolla på SFO.....	5
4. Samarbeid og forventningar .....	6
Samarbeid mellom SFO og heim .....	6
Samarbeid mellom skule og SFO.....	7
5. Innhald og arbeidsformer.....	8
Inkludering i SFO .....	8
Hovudområda.....	9
Digital dømekraft.....	12
Medverknad og barnets stemme.....	12
6. Utviklingsområde og utviklingsarbeid .....	13
Brukarundersøkinga skuleåret 2023 .....	14
Utviklingsmål for SFO-året .....	15
Organisasjonslæring og eigenvurdering.....	15
7. Årshjul .....	16
9. Praktiske opplysningar .....	17

### 1. Innleiing

Opplæringslova § 13 -7 pålegg alle kommunar å ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. - 4. trinn og for barn med særlege behov for 1. -7. trinn. Frå hausten 2021 blei det innført ein nasjonal rammeplan for skulefritidsordninga. Rammeplanen er ei forskrift med heimel i § 13-7 opplæringslova.


I §13-7 i opplæringslova kjem mandatet i SFO til uttrykk:

«Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Rammeplanen for SFO slår fast at SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles for barnehage og opplæringa. SFO tilbodet er ei forlenging av skuletilbodet og skal reflektera dei same haldningane og verdiane som gjeld i skulen. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prega både innhald og arbeidsmåtar.

Time kommune utforma ein Kvalitetsplan for skulefritidsordninga i Time. Kvar skule skal ut frå Rammeplan for SFO og kvalitetsplanen laga ein handlingsplan for skuleåret. Handlingsplanen skal vise korleis rammeplanen blir sett ut i livet ved den enkelte SFO.

## Organisering ved SFO-avdelinga



Rektor er ansvarleg leiar på Hognestad skule, har det overordna ansvaret for SFO. SFO har 1 leiar, 5 medarbeidarar og ringevikarar. Rektor har økonomiansvar og personalansvar. Rektor har delegert ansvar for den daglege drifta til SFO leiar. Vedtektene for SFO ligg på heimesida; [www.minskole.no/hognestadskule](http://www.minskole.no/hognestadskule)

## Hognestad SFO

SFO har ope kvar dag, morgontilbod og ettermiddagstilbod.

SFO-basen består av eit fellesrom, kjøkken og to klasserom. SFO nyttar skulegarden, hallen og eit fint nærområde for tur.

Me har 3. - 4.klasseklubb for dei eldste.

Me tek utgangspunkt i barna sine interesser og legg opp månadsplan og årsplan etter dette. Barna får bestemta mykje av kvardagen sin sjølv, med rettleiing frå oss vaksne

## 1. Skulen sin visjon og SFO sitt verdigrunnlag

På Hognestad skule arbeidar me mot denne visjonen: «Me opplever gleder ved å meistra og å nå måla våre»

Elevar, tilsette og FAU har glede, meistring, respekt og inkludering som dei grunnleggande verdiane til skulen.

Verdigrunnlaget til SFO bygger på eigenverdien til barndommen, tryggleik, omsorg og trivsel, mangfald og inkludering, skaparglede, engasjement og utforskartrøng, demokrati og felleskap og berekraftig utvikling.

## 2. Skulen sitt pedagogiske grunnsyn, elevsyn og læringssyn

## Pedagogisk grunnsyn:

Alle menneske er likeverdige og unike. Me kan prøva og feila, oppleve konsekvensane av handlingane våre, for så å gå vidare med nye erfaringar. Skulen skal fremja mennesket som del av samfunnet og førebu dei på å ta del av samfunnet som aktive borgarar.

Elevsynet vårt	Læringssynet vårt
Alle er gode til noko.	Me tar utgangspunkt i det eleven kan.
Alle kan læra og utvikla seg – kreativt og sosialt.	Me gir rom for at eleven kan utfalda og utvikla seg på alle område – teoretisk, praktisk, fysisk, sosialt og kreativt.
Alle kan bidra til eit positivt fellesskap.	
Alle skal ha tru på seg sjølv.	
Alle blir sett, høyrde og tatt på alvor.	

*(i eit SFO-perspektiv skal reflektere verdiane i rammeplanen)*

## 3. Vaksenrolla på SFO

Barna skal oppleve respekt, likeverd og tillit.

Barna skal oppleve tydelege vaksne som leiar og tar ansvar for kvaliteten i all samhandling.

Me skal ha klare tydelege reglar og rutinar på SFO.

Me ser kvart enkelt barn og gjev dei hjelp og rettleiing.

Me ønsker å ha eit godt samarbeid om barna og er imøtekomande og lyttande overfor foreldre.

Barna opplever trygge vaksne som er til å stola på.

## 4. Samarbeid og forventningar

Ein skal sjå tilbodet ved SFO og skule i samanheng og sikra eit heilskapleg tilbod og gode overgangar som gjer dagen trygg og oversiktleg for barnet. Omsynet til barns beste skal ligge til grunn når SFO samarbeidar med føresette, skule, barnehage og andre offentlege instansar.

### Samarbeid mellom SFO og heim

For å legge til rette for eit godt samarbeid mellom føresette og SFO er det nødvendig med god dialog og ei avklaring av forventningane til kvarandre.

#### På SFO skal me arbeida for:

Kva	Korleis	Kven
At dei føresette får informasjon om kvardagen på SFO	Hente og leveringssituasjonar blir føreseielege Telefon Heimeside Min Skule-app  Foreldremøte	Alle på SFO  Leiar på SFO  Rektor og leiar SFO
At heimesida skal vera informativ og oppdatert	Legge ut informasjon og oppdatere	Leiar SFO
Kvalitet gjennom engasjerte vaksne som har oversikt og viser omsorg for kvart enkelt barn	Den vaksne ser barnet Den vaksne viser barnet respekt Den vaksne viser barnet omsorg	Alle på SFO
At dei føresette vert møtt på ein høfleg måte av tilsette som viser respekt og er lyttande.	Den vaksne ser foreldra Den vaksne høyrer på foreldra Den vaksne tek kontakt med foreldra	Alle på SFO

### På SFO forventar me at dei føresette

Skriv beskjed i Visma-app eller sender SMS, dersom barnet skal hentast av andre, vera med med-elev heim eller gå heim til anna tid.

Gjev beskjed om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivest eller dersom det er skjedd ting i heimen som vil påverka barnet sin kvardag. Då vil personalet kunna følga opp barnet og gje ekstra omsorg.

Snakkar positivt om SFO og SFO sitt personale.

Respekterer opningstidene.

Har kontakt med ein vaksen på SFO når de hentar barnet.

Følger med på informasjon frå SFO på Visma og på skulen si heimeside.

Gjev beskjed innan oppsette fristar for skulen sine ferie og fridagar, slik at SFO kan planlegge ein god bruk av personalet.

### Samarbeid mellom skule og SFO

Skule og SFO arbeidar ut frå same verdigrunnlag og pedagogiske plattform. Saman skal ein sikre gode overgangar og eit best mogleg heilskapleg tilbod.

Kva	Korleis	Kven
SFO har 4 planleggingsdagar	Ein eller fleire i lag med skulen	Rektor og leiar SFO
Leiar møte	Møte annakvar veke	Rektor og leiar SFO
Personalmøte	Møte ei gong i veka	Leiar SFO og medarbeidarar
SFO er med på foreldremøte	Foreldremøte for nye 1.trinn på våren og 1. - 4.trinn på hausten	Rektor og leiar SFO

## 5. Innhald og arbeidsformer

### Inkludering i SFO

Kva - målsetting	Korleis	Kven
SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til.	Bruk av medvirkning og barns stemme. Månadsplan. Barnesamtaler. Formingsaktiviteter blir lagt tilrette for at alle skal kunne delta, ut frå interesse.	Leiar SFO Leiar SFO Alle på SFO
SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrse og sosialt fellesskap med andre barn og personale.	Dei vaksne observerer og rettleiar leiken, slik at alle får vera med.	Alle på SFO
SFO skal vareta, anerkjenne og synleggjere mangfald og leggja til rette for at ulike språk og uttrykksformer kan inkluderas i leik og aktivitet.	Ha fokus på alle nasjonalitetar som går på SFO.  Dei vaksne er med på å laga plakatar som informerer om ulike språk og kulturar.	Alle på SFO  Alle på SFO

## Hovudområda

### Leik:

Kva - målsetting	Korleis	Kven
SFO skal legge til rette for leik kvar dag.	Stimulere vennskap, inspirere og legge til rette for at utstyr er lett tilgjengeleg og innbydande. Barna får lov til å flytte på møbler og lage sitt eige univers.	Alle på SFO
SFO skal legge til rette for at personalet jamleg kan diskutera kva leik inneber og korleis ein som ansvarleg tilrettelegger og opptrer i møte med leikande barn.	Leik er ein del av utviklingsarbeidet til personalet på personalmøter.	Leiar SFO
SFO skal legge til rette for å stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.	Dersom nokon er åleine skal dei vaksne vera med å stimulere til leik i lag med andre barn. Starte ein leik, rettleie og deretter trekke seg ut når leiken går bra. Og eventuelt observere på avstand etterpå.	Alle på SFO

### Kultur:

Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
SFO skal legge til rette for at barna får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk dans og drama og anna skapande verksemd.	Barna får dansa i klasserommet til smartboarden	Alle på SFO
	Barna får mala på ulike måtar med forskjellige materialar.	Alle på SFO
	Barna får delta i forberedelser av ulike kulturelle høytider	Alle på SFO

Barna skal få skapa sine egne uttrykk og få kjennskap til ulike typar å uttrykke seg på slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert.	Språkplakatar. Barna får forskjellige material og kan bruka fantasien til å laga egne kunstverk.	Alle på SFO  Alle på SFO
SFO skal bidra til at barna får møte samisk kultur.	Me har fokus på samisk kultur, der me lagar mat og har ulike aktivitetar som fremjar den samiske kulturen.  Veggavis.	Alle på SFO  Alle på SFO

### Fysisk aktivitet og bevegelsesglede:

Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
SFO skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna.	Me bruker ulike leikearenaer, der barna har fritt rom til bevegelse. Me bruker nærområde og flytter oss etter sesong.	Alle i SFO
SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.	Me bruker hallen opp til fleire gonger i månaden.  Me bruker musikk ute og inne og har forskjellige leiker.	Alle i SFO



### Mat og måltidsglede:

Kva - målsetting	Korleis- arbeidsform og aktivitet	Kven
SFO skal legge til rette for daglege måltid som gjer barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar.	Barna får vera med å bestemma/ønska varmmrettane me har på SFO.  Me har mange ulike pålegg kvar dag og tilbyr alltid grønt. Mjølke og vatn som drikke.	Alle på SFO  Alle på SFO
Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO.	Me et få om gongen, og barna kan bruka så lang tid dei vil.  Barna har vore med og utarbeida gode reglar og rutinar for å fremja ro og god bordskikk.	Alle på SFO  Barna på SFO i lag med dei vaksne
SFO legg vekt for eit helsefremjande kosthald.	Me tilbyr ulike pålegg som fiskepudding, rødbetar, egg og diverse frukt i periodar.  Smoothie ein gong i veka til frukost.	Alle på SFO  Morgon SFO

<p>SFO skal ha gode rutinar for hygiene og avfallshandtering og bør formidle desse til barna.</p>	<p>Barna vaskar alltid hendene før måltid eller dei skal vera med å laga mat.</p> <p>Barna er sjølv med og ryddar etter seg etter maten og kjeldesorterer søppelet etter seg.</p> <p>Avfallshandteringa er synleg og merka med namn.</p>	<p>Kjøkken ansvarleg</p> <p>Alle på SFO</p> <p>SFO leiar</p>
<p>Å lage mat saman i SFO kan gje barna erfaring med korleis dei sjølv kan laga enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skapa trivelege rammar rundt måltidet.</p>	<p>Barna deltek i dekking og servering av mat. Får og lov å vera med og laga enkle rettar og oppskjæring av frukt. Samt lage smoothie på morgon SFO.</p>	<p>Barna på SFO i lag med dei vaksne</p>

## Digital dømekraft

Bruk av digitale ressursar må skje på ein formålstenleg og forsvarleg måte og slik at det kan stimulere barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling.

Korleis arbeidar me på vår SFO med dette:

Barna på SFO får kun spela ein til to gonger i månaden, der det er vaksenstyrt kva dei får gjera. Då får dei bruka sin eigen ipad eller Nintendo switch.

Me arbeidar med inkludering og bruker kun spel der dei lærer eller samarbeider og spelar i lag.

Kva tilbud får elevane:

3. - 4.trinn får spela Nintendo switch, der dei spelar 4 stk om gongen.

Alle får spela Minecraft eller andre faglege spel som er i vinden, som f.eks Pokemath. Der det gjeld om å løysa mattestykker for å samla Pokémon.

## Medverknad og barnets stemme

I SFO skal barna ha stor medverknad på tilbodet. I vår SFO vil me sikra at barna blir høyrd og får medverka gjennom:

Barnesamtalar/intervju ein gong i året. Skal gjennomførast mellom haustferien og vinterferien.

## 6. Utviklingsområde og utviklingsarbeid

For å sikra god kvalitet på tilbodet i SFO er det viktig at dei tilsette har ei kontinuerleg kompetanseutvikling. Det skal leggest til rette for kompetanseheving for dei tilsette.

Kapittel 6.1. rammeplan for SFO slår fast at:

*«SFO skal være et fellesskap og en lærende organisasjon som jevnlig vurderer og videreutvikler sin praksis. SFO skal legge til rette for at hele personalet reflekterer over faglige og etiske spørsmål i tilknytning til rammeplanens verdier og innhold og hvordan de kan være gode rollemodeller for barna.»*

Skulen sitt utviklingsområde: Elevane kan bruka engelsk til å læra å kommunisera å knyta band til andre.

Det skal vera samanheng mellom utviklingsområda på skulen og SFO. SFO kan gjennom sine arbeidsformar og aktivitetar forsterke utviklingsområda som er valt for skulen.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
<b>Hognestad skule har aldersadvekat framgang i frå nasjonale prøvar på 5.trinn til nasjonale prøvar på 8.trinn i engelsk.</b>	<p>Dela tips og idear i lesing, skrivning og munnleg kommunikasjon i forhold til kompetansemål i engelsk. Fleire engelske småbøker i klasserommet.</p> <p>Læraren legg til rette for at elevane les i engelsktimane, synga, snakka litt meir i timane.</p>	<p>Fellestid ein gong i månaden.</p> <p>I klasserommet</p>
<b>Auka motivasjon opp til 4 på elevundersøkinga.</b>	<p>Planlegga saman og dela tips og idear til undervisning i lesing, skrivning, rekning, munnlege ferdigheiter og digitale ferdigheiter i tråd med LK 20. Bruka PU-tid til dette.</p> <p>Dette skal vera med: mål, læringsaktivitet og vurdering med tilpassa undervisning og PRUV inkludert.</p>	<p>Alle lærerane</p> <p>Alle tilsette</p>

	<p>Alle tilsette arbeidar for trygt klasse miljø, varierte læringsaktivitetar og legg opp til samarbeid.</p> <p>Analysera resultat frå klassetrivsel, sosiogram, elevundersøkinga og Olweus.</p>	
--	--	--

## Brukarundersøkinga skuleåret 2024-2025

I brukarundersøkinga skuleåret 24/25 kom det fram at SFO ved Hognestad skule har veldig gode resultat.

På grunnlag av denne undersøkinga har me difor valt mål me vil arbeida mot dette skuleåret.

Resultatmål	Tiltak	Når/ kven
<b>Respektfull behandling</b>	Me vil fortsetja å arbeida slik me har gjort dei siste åra. Møta foreldra. Ha fokus på god opplæring av nytt personale. Alltid ha så god kontroll som mogleg på barna på SFO, både inne og ute i løpet av SFO dagen.	<p>Alle på SFO: Kvar gong me tilsett nye eller har nokon i praksis.</p> <p>Alle på SFO: Alltid</p>
<b>Informasjon</b>	<p>Legga endå meir info ut på heimesida.</p> <p>Fokus på informasjon om korleis barnet har det og kva som skjer på SFO i kvardagen i hente og bringesituasjonar.</p>	<p>SFO leiar</p> <p>Alle på SFO</p>

## Utviklingsmål for SFO-året

Våren gjorde personalet i SFO ei vurdering av eigen praksis sett opp mot kvalitetskjenneteikna i kvalitetsplanen, egne observasjonar og tilbakemelding frå barna.

På grunnlag av denne vurderinga har me dette SFO-året valt følgande utviklingsmål:

<b>Resultatmål</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Når/ kven</b>
Klara omstilling og finna gode løysningar til aktivitetar med færre tilsette og barn	Organisera slik at barna blir meir sjølvstendige i ryddinga etter aktivitetar.	Alle på SFO.
Medskaping og leik, få trygge og gode kvardagar	Alle veit kva som blir forventa på SFO av rutinar og reglar.	Alle på SFO.

## Organisasjonslæring og eigenvurdering

Dei tilsette i SFO skal gjennom året reflektera og vurdere eigen praksis opp mot kvalitetskjenneteikn, målsettingar, egne observasjonar og tilbakemeldingar. Det skal setjast av tid i arbeids- og utviklingsmøta til dette.

<b>Tidspunkt</b>	<b>Tema/ evaluering</b>	<b>Arbeidsform</b>
<b>Kvar tredje mnd</b>	Relasjonsbygging	Garnnøstemodellen/ trafikklysmodellen
<b>Mellom haustferie og jul</b>	Barnesamtalar/intervju	Barnesamtale i lag med SFO leiar.



## 7. Årshjul

Månad	Aktivitet
August	4. - 11.august: Sommar SFO 12. og 13. august: Planleggingsdag i skule og SFO – SFO stengt "Bli kjent" aktivitetar 14.august: Første skuledag
September	Ute og inne aktivitetar Fokus på gode rutinar på SFO og haustaktiviteter Epletesten
Oktober	Veke 41, 6. - 10.oktober: Haustferie Me utforskar ulike grønsaker- ulike matrettar
November	14. november: Planleggingsdag skule og SFO- SFO stengt Me utforskar graut
Desember	Juleaktivitetar Bake julekaker 17. desember: Juleavslutning med mandel i grauten

	22, 23, 29. og 30.desember: Jule-SFO
Januar	2.januar: plandag i skulen- SFO open Vinteraktivitetar
Februar	6.februar: Samenes dag Veke 9: 23. - 28.februar: Vinterferie Kjærleiksmånaden- fokus på gode ord og gjerningar
Mars	30. - 31.mars: påske på SFO Laga påskepynt
April	1. - 6.april: Påskeferie. SFO stengt 7.april: Planleggingsdag i SFO- SFO stengt 29.april: Den store SFO dagen Dyrking og reddyking
Mai	1. mai: SFO stengt 14.mai: Kristihimmelfartsdag- SFO stengt 15.mai: Skulefri- SFO open 25.mai: 2.pinsedag- SFO stengt Pynte til 17.mai
Juni	17. juni: avslutning på SFO 19.juni (Siste skuledag) Uteaktivitetar Veke 26: 22. - 26.juni Ferieklubben. Eige program 29. og 30.juni: Sommarkos og ryddedagar
Juli	Sommarferie- SFO stengt

## 8. Praktiske opplysningar

Opningstider	SFO har opent mellom kl. 07.15 – 16.00. SFO har 4 planleggingsdagar, då er SFO stengt. Desse planleggingsdagane står på skuleruta og i årsplanen til SFO. Juli er feriemånad og då er SFO stengt.
--------------	---

Rutinar	Barna blir kryssa inn i SFO etter siste økt på skulen. Barna får eit måltid ca kl. 13.30.
Klede	Alle barn må ha klede etter vêret. Hugs skifteklede. Alle klede bør merkast.
Mat	Barn som går på morgon SFO får frukost før kl. 07.45. Kvar ettermiddag blir barna servert eit måltid. Dei fleste dagane tilbyr vi brødmatt. Ein til to gonger i veka får barna servert eit varmt måltid. I feriane blir det servert 3 måltid der eit av dei ofte er varmmatt.

#### Kontaktinformasjon:

Hognestad skule: 51778343

Hognestad SFO: 99126724

Tove-Elin: 99383535

E-Mail: [tove-elin.gudmestad@time.kommune.no](mailto:tove-elin.gudmestad@time.kommune.no)